



HYLLESTAD KOMMUNE

Forslag til reguleringsføresegner for:

Fv. 607 Heggebø-Leirvik. Gang- og sykkelamband

Planid. 2019001

§1 Planen sine grenser og reguleringsformål

Planen sin avgrensing er vist på teikningane R1 – R3.

Plangrense er synt på teikningane. Føresegnene gjeld for dei områda som ligg innaføre plangrensa.

Kartprojeksjonen er Euref 89, sone 32.

Planen erstattar deler av reguleringsplan for Leirvik sentrum, vedteken i Hyllestad kommunestyre 10.06.91 – Sak 25/91, planid. 1991001.

Areala i planområdet skal nyttast til følgjande reguleringsformål:

1.1 Bygningar og anlegg (Pbl §12-5, nr 1)

Bustader

1.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (Pbl §12-5, nr 2)

Veg, offentleg

Veg, felles

Gang- sykkelveg

Annan veggrunn - grøntareal

1.3 Landbruks-, natur- og friluftformål (Pbl §12-5, nr 5)

Landbruk

1.4 Omsynssoner (Pbl §11-8 a til f, jf. §12-6)

Frisiktsone

Ras- og skredfare

1.5 Bestemmelsesområde (Pbl §12-7)

Midlertidig anleggsområde

Vertikalnivå

Planen har eit vertikalnivå: "på bakken"

§ 2 Felles føresegner

§ 2.1 Byggegrenser

I Leirvik sentrum er byggegrenser vist i reguleringsplan vedtatt 10.06.91. Elles gjeld reglane i veglova.

§2.2 Støy

Klima- og miljødepartementet sine retningslinjer for arealbruk i støyutsette områder (jf. rundskriv T-1442) skal leggest til grunn for tiltak.

§2.3 Landskap og estetikk

Murar knytt til fv. 607 skal byggast av naturstein.

§ 2.4 Kulturminne

Dersom det i samband med anleggsarbeidet vert oppdaga automatisk freda kulturminne, må arbeidet stoppast. Sogn og Fjordane fylkeskommune skal då varslast, jf. Kulturminnelova § 8, 2. ledd.

§ 2.5 Overskotsmassar

Dersom det er behov for deponi og masselager utover det som er teke med i planen, må det føreligge godkjent plan for områda. Planbehov for aktuelle masselager og deponiområde må avklarast nærare med Hyllestad kommune.

§ 2.6 Framande artar

Framande artar skal fjernast og destruerast i samsvar med gjeldande regelverk.

§ 3 Plankrav

§ 3.1 Rigg- og marksikringsplan

Rigg- og marksikringsplan (RM-plan) skal utarbeidast i starten av prosjekteringsfasen.

§ 3.2 Plan for ytre miljø (YM-plan)

Plan for ytre miljø (YM-plan) skal utarbeidast i starten av prosjekteringsfasen. YM-plan skal vidareføre dei krava og tiltaka som er omtala i planen og/eller summert opp i kapittel med føringar for YM-plan. Miljøutfordringar som blir avdekka skal følgjast opp av utførande og kontrollerande personell i gjennomføringsfasen.



§ 4 Bygningar og anlegg

§ 4.1 Bustader B

- 4.1.1 Bygningar i området skal nyttast til bustad, samt tilhøyrande garasje og uthus.
- 4.1.2 Bebyggd areal (inklusive garasje/uthus) må ikkje overstige 40% av tomtearealet.

§ 5 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

§ 5.1 Offentleg køyreveg o_KV

Offentleg køyreveg skal opparbeidast i samsvar med plan- og profildeikningane C1. Mindre avvik i høgde kan gjerast i samråd med tiltakshavar og Hyllestad kommune.

§ 5.2 Felles køyreveg f_SKV

- 5.2.1 Felles køyreveg skal opparbeidast i samsvar med reguleringsplanteikningane R1
- 5.2.2 Felles køyreveg f_SKV2 er avkøyrsløse til grunneigarar av 99/2 og andre med bruksrettar i området.

§ 5.3 Offentleg gang- sykkelveg o_GS

- 5.3.1 Offentleg gang- og sykkelveg skal opparbeidast i samsvar med teikningane C1 og F1. Mindre avvik kan gjerast i samråd med tiltakshavar og Hyllestad kommune.
- 5.3.2 o_SGS2 skal vere køyreveg til eigedommen 99/2 via krysset med kommunal veg til Handalen.

§ 5.4 Annan veggrunn – grøntareal o_VG

- 5.4.1 Annan veggrunn grøntareal er offentlig veggrunn som sikrar dei offentlege vegane. Områda kan nyttast til skjeringar, fyllingar, rekkverk, grøfter, murar og skredsikringstiltak. Annan veggrunn kan i anleggsperioden nyttast til riggområde og mellombelse anleggsvegar.
- 5.4.2 Det er ikkje løyve til å gjere inngrep i desse areala, som skadar eller endrar det offentlege vegarealet.
- 5.4.3 Mindre avvik i skråningsutslag innanfor "Annan veggrunn" kan skje som følgje av utføresette tilhøve, som til 8ømes grunntilhøve eller manglar i kartgrunnlaget. Det kan føre til at areal som skal disponerast til vegformål vil fråvika noko frå det som går fram av formålsgransene i planen. Areal som ikkje vert disponert til vegformål inngå i tilstøytande formål.

§ 6 Landbruks-, natur- og friluftsliv og reindrift

§6.1 Landbruk L

Områda regulerte til landbruk L, sikrar dagens bruk av områda.

§ 7 Omsynssoner

§ 7.1 Sikringsone (pbl § 11.8 a) - Frisiktsone H140

I området mellom frisiktlinene og køyrevegen (frisiktsona) skal det til ei kvar tid vere fri sikt 0,5 meter over nivået til dei tilstøytande vegane.

§ 7.2 Sone med fare for skred (pbl § 11.8 a) H 310

7.2.1 Faresona er basert på aktsomheitsområde for snøskred og steinsprang (NGI) og aktsomheitsområde for jord- og flaumskred (NVE). Lokalt på Øykjaneset er det gjort ei skredvurdering ut frå krava i TEK17 §7-3. Faresona her viser areal som ikkje stettar krav til sikkerheitsklasse S2.

7.2.2 Tiltak i området må tilfredsstillende tryggleikskrava i byggeteknisk forskrift.

7.2.3 For offentlig køyreveg og offentlig gang- og sykkelveg gjeld vegdirektoratet sine retningslinjer for risikoakseptkriterier på veg (Na-rundskriv 2014/18).

§ 8 Bestemmelsesområde

§ 8.1 Midlertidig anleggsområde

8.1.1 Områda kan nyttast til verksemd som er naudsynt for gjennomføring av veganlegget, det gjeld mellombels bygningar (brakker) og anlegg, riggområde, lagring av massar, skredsikringsgjerde m.m. Når områda vert tekne i bruk skal dei sikrast på forsvarleg måte.

8.1.2 Grense for anleggsområde skal markerast i terrenget. Ved fjerning av ur ved område #2 skal det i samråd med naturvitar markerast fysisk i terrenget kvar grensa går for bruk av anleggsmaskiner.

8.1.3 I området #2 kan terrenget seinkast for å gjere det mogeleg, på ein sikker måte, å bygge mur på innsida av gang- og sykkelvegen. Seinking av terrenget bak muren fører til at skog og toppen av ura/lausmassane må fjernast. Det kan planerast mellombels veg i ura for tilkomst med anleggsmaskiner. Røter og vegetasjonsdekke skal takast vare på og førast tilbake til området før anlegget blir avslutta.

8.1.4 I området #3 kan det gjerast tiltak for å sikre mot skred og steinsprang i anleggsperioden og for driftsfasen etter at anlegget er avslutta. Det kan det berre gjerast arbeid med handhaldt utstyr. Anleggsmaskiner skal ikkje inn i området. Den bratte fjellveggen skal inspiserast og eventuelt reinskast for lause steinar og blokker. Toppen av fjellveggen skal inspiserast. Eventuell stein, blokker, lausmassar og skog som kan vere til fare for underliggende område, skal fjernast.

8.1.4 Før anleggsarbeidet blir avslutta skal riggområdet ved Heggebø og dei andre midlertidige anleggsområda førast attende til bruksformål og utforming slik planen viser. Ved naturleg revegetering av ura (områda # 2) er det spesielt viktig å unngå innslag av artar som ikkje høyrer naturleg heime i naturtypen.